



30/-



# Bunader frå Hallingdal

Flå - Nes - Gol - Hemsedal

IFN 1685



## Bunadbrosjyrer i Buskerud

I 1982 utga bondekvinnelagene i Hol og Ål ei brosjyre om bunadene i Øvre Hallingdal. Styret i Buskerud Bondekvinnelag vedtok i 1983 å forsøke utgitt distriktsvise brosjyrer for resten av fylket.

Bakgrunnen for dette arbeidet var å gi informasjon om de forskjellige bunaders historiske bakgrunn, korrekt utforming av bunaden og vern om riktig bruk.

I Hallingdal ble det satt ned ei bunadbrosjyre-nemnd med medlemmer fra bondekvinnelaga i Hemsedal, Gol og Nes, Nes bonde- og småbrukarlags kvinnegruppe, ei bunad-brosjyrenemnd i Flå og en representant fra Hallingdal Husflid L/L. Arbeidet tok til i 1984 og ble avsluttet i 1987.

Buskerud Bondekvinnelag takker nemnda for en enorm, frivillig arbeidsinnsats. Vår takk går også til Magny Karlberg og Gro Randen for faglig bistand og takk til alle som har ydet økonomisk hjelp.

Vårt ønske er at brosjyren vil bli til nytte for de som ønsker å anskaffe seg bunad og også bidra til vern om riktig bruk.

Sigrid Hals  
Buskerud bondekvinnelags  
leder

Ingeborg Frøhaug  
Buskerud bondekvinnelags  
bunadbrosjyrenemnd

## Føreord.

Folkedrakta har frå gamal tid hatt rik tradisjon i Hallingdalsbygdene. Ho har utvikla seg over tid, både ved motepåverknad utanfrå og ved dei moglegeheiters lokalsamfunnet gav i form av materiale, økonomisk evne og personleg smak.

Mannsdrakta fekk oftare og større påverknad utanfrå avdi mennene var meir ute og reiste, mellom anna var dei på "Moen" (i det militære). Nye motar kom såleis inn, gjerne frå militærplagg.

Kvinnedrakta sitt sterkaste særdrag er det høge livet, som mellom anna har vorte påverka av empiremoten. Saumen fortel om lokale freistnader på å ta opp mønstera frå importerte stoff og silkeband og bruka dei i ullgarn saum. I Flå finst restar frå rokokko motebroderi, særleg greina på toppen av stakkeborda. I dei øvre bygdene, frå Nes og oppover, er mønsteret bygd opp om ei barokkform. Denne finn ein og att i rosemålinga.

Etter det ein har funne ved folkedraktregistreringane dei seinare åra, ser ein at det også innan kvar bygd har vore rike, individuelle variasjonar i pryding, saum og fargeutval.

Som før nemnt, har folkedrakta endra seg opp gjennom tidene, men grunntraga no er stort sett dei same som på 1800-talet. I denne brosjyra er det teke med ein del stoff som syner utviklinga frå gamal tid og fram til no.

Folkedraktene frå Nes, Gol og Hemsedal har mykje det same særdraget og vert såleis rekna som eitt draktområde, medan drakta i Flå syner meir slektskap og samanheng med draktene i Krødsherad og Sigdal/Eggedal. Ein har likevel funne det mest naturleg å ta Flå med i denne brosjyra då bygda ligg i Hallingdal.

Bunadene som no er i bruk, er ei vidareføring av den gamle draktskikken, utan at alle dermed er direkte kopiar av tilsvarande gamle plagg. Til hjelp i dette bunadsarbeidet har ein granska tekstilar på museum og i privat eige, fotografi og ymist biletstoff (t.d. Tide- mand og Flintoe). Skrivne kjelder og det som gamle kunne fortelja, har og vore til stor hjelp.

Denne brosjyra er meint å vera ei orientering for dei som er interesserte i bunader. Vi vonar ho vil verta til rettleiing, inspirasjon og hjelp.





Gamle drakter frå Flå, omlag 1860.

### Kvinnebunad frå Flå

Folkedrakta i Flå skil seg ut frå bygdene oppover dalen. Ho syner meir slektskap med drakta i nabobygdene Krødsherad og Sigdal/Eggedal, og ein reknar desse bygdene til eitt draktområde.

#### Kvinnebunaden.

Snittet er særprega. Stakken heng på selar eller eit enkelt liv som er sidare enn på drakta lenger opp i dalen, og ein brukar sjarteliv og sjartetroye utanpå. Ullgarnsbroderiet er sauma rett på stakken med greiner oppover frå hovudborda. Det rike draktmaterialet som er bevart, målarstykke frå Gulsvik 1849 og 1874 av A. Tidemand, gamle fotografi og munnleg overlevering, syner rikdommen i folkedrakttradisjonen i fargar, prydnad og bruk.

Bunaden som blei rekonstruert i 1953 av Turid Gislerud Liodden, går attende til draktskikken slik han hadde utvikla seg på 1800-talet. Under arbeidet med bunaden har ein lagt vinn på å få fram noko av variasjonen i fargar, prydnad og bruk slik ein fann i den gamle draktskikken.



**Stakken** er laga av svart eller mørkeblått (blåsvart) toskaftvove ulltøy, såkalla "grannty". Stakken går heilt opp under bysta framme (ikkje over), og til 10-12cm frå golvet. Stakken heng på eit enkelt liv eller selar. Snittet til stakken er særprega for dette draktområdet og er likeins for alle. Nede på stakkekanten kan ein velja mellom:

1. Rosauma bord med greiner oppover stakken, sauma på sjølve stakken med ullgarn i fleire fargar, saumastakk. Eit mønster er utarbeidd i fleire fargeval etter gamle modellar.
2. Knipla band av raudt eller grønt ullgarn, kniplastakk. Mønsteret kan vera i enkel eller dobbel breidde og varierer etter tjukkeleiken på garnet. Mønster for knipla bord er utarbeidd i 1983.
3. Stakk av svart eller mørkeblå ulldamask, utan prydnad nedst, damaskstakk.
4. Smettaband (kelimvove band) av ullgarn i fleire fargar og ulike geometriske mønster (ikkje mykje bevart i Flå). Nedst i stakkekanten er eit farga band eller fingra snor, slitkant.



**Livet.** Sjartelivet er kort. Det når til midt ned i ryggen. Framme går det til under bysta så det gøymer linninga på stakken. Nedrekanten er avstiva og har utoverbøygde kant som vippar i ryggen. I Flå blir dette kalla sjart, difor navnet sjarteliv. Livet har runda opning framme og er hekta saman øvst og nedst. Øvst vert no nytta trøyespenne av sølv. Livet er sydd av damask eller brokade av silke, lin, bomull eller ull. Langs opninga framme og langs nedrekanten er påsydd band av sølv- eller gulltråd. Banda er oftast knipla.

**Trøya.** Sjartettrøya har same snitt og utforming som sjartelivet. Dei skal fylgjast i ryggen. Trøya har lange, tronge, isydd ermar med splitt ved handleddet. Sjartettrøya er sydd av svart eller mørk blått ulltøy, vadmål eller klede. Langs halskant, framkant og nedrekant er eit mønstrut fløyelsband, silkeband med brosjert mønster eller band av ulltøy med rosesauma bord i fleire fargar. Trøya er hekta øvst og nedst framme, øvst med trøyespenne av sølv.

**Brystklut/perleklut.** Desse kan vera sydd av ulltøy og utbrodert med farga perler i mønster. Dei kan og syast med perle- og garnsaum på stramei. Det er mange mønster og fargekombinasjonar.

**Forkle.** Mest brukt er forkle av ullmusselin med trykt rose-mønster i fleire fargar. Botnfargen er kvitt til brudeforkle, elles blå eller svart. Det har vorte brukt rutute forkle av handvove ulltøy. Dei har mørk blå botn med smale striper bae vegar (ruteverknad) i kvitt og lys blått (som i Nes).



**Forkleband** kan vevast på bandgrind i lin, bomull og ull og med mønster. Ein kan elles nytta tvinna snor med duskar i endane.

**Skjorta** er sydd av tunn, kvitt lin eller bomullslerret. Bolen er rett med innfelte firkantar - akslebøter, rette ermar med ermespjeld. På hals og ermelinningar er det prydsaum, det kan vera tellesaum som kloster-saum, korssting eller smøyg, eller rosesaum i kvitt, svart eller ulike fargar. Saumagarnet kan vera av lin, bomull, silke eller ull og det er mange mønster og fargar å velja i.

**Hovudbunad.** I gamal tid brukte dei små luver av ymse materiale:

1. Luve sydd av ulltøy, rosesauma med ullgarn.
2. Luve sydd av jacquardvove silketøy, mønster i mange fargar.
3. Luve sydd av silketøy, sauma med silkegarn.

På silkeluvane var det i nakken festa eit dobbeltlagt silkeband som hang ned i ryggen, kalla nakkeband. Eit silketørkle vart bretta saman i passe breidde, lagt stramt to gonger rundt hovudet slik at berre luvebotnen synte, og knytt midt oppe på framhovudet.





Sjarteliv med brystklut .....



..... og utan.



Silkeluve med nakkeband og silketørkle.



Rosesauma luve.



**Silketørkle.** Forutan silketørkleet rundt luva, brukar ein eit silketørkle rundt halsen. Dette brettar ein saman som det rundt luva, legg det laust rundt halsen og knytter det på venstre skulder, slik at ein ende fell framover og ein bakover. Det finst mange ulike slag gamle silketørkle i Flå.

**Sjal.** Ein kan nytta sjal som utanpåplagg. Sjala er oftast vovne av ullgarn og har rutut vove mønster eller trykt stilisert blomemønster.

**Kavai** vart og nytta som utanpåplagg. Det var ei stor, sid kåpe av vadsmål eller anna ulltøy, då gjerne med vattert fôr. Framme var han hekta saman med ei spenne - kavaispenne.


**Låslomme** av stakketøyet med rosesaum i ullgarn, høyrer med. Lomma heng på høgre sida ved forklebandet. Lommelåsen er alltid laga av messing. Det finst mange gamle låslommer laga av smedar frå bygda og distriktet. Lås etter gamal modell frå Flå er kopiert.

**Sølv.** Skjortering nyttar ein i halslinninga på skjorta og knappar eller mansjett-knappar i ermlinningane. Sølj, store eller mindre, nyttar ein på skjorta der livet rundar framme. Kor mange sølj kjem an på storleiken og om ein brukar brystklut. Sølja skal ikkje dekkja noko av brystkluten. Trøyespenne er til å hekte trøya saman øvst. Den vert no og nytta øvst i sjartelivet. Spenna må ha form slik at ho høver til plagget, vera spiss der kroken sit. Fingerringar, dulleringar, mest som små sølj, finst og frå eldre tid.

Sølv har forskjellig mønster, utforming og storleik. Før vart det laga av sølvsmedar i bygda og i distriktet. Det vert no laga sølv etter gamle modellar frå Flå.



Festbunader frå Flå idag.



Øst: bord til barnebunad.  
Border til vaksenbunad, Flå 1, 2 og 3.

**Bruk av bunaden.** Gamle folk seier at det ikkje var nokon særskild helgestakk i Flå. Det same syner folkedraktregistreringa i Flå 1985. Plagga til folkedrakta var laga på same vis, eins i snitt, men med ulike slags tøy og ulik prydnad. Såleis gjekk plagga gradene frå finaste bruk som til kyrkjegang, over til helg og vidare til bruk i kvardagen. Skjorta kunne då vera sydd av småmønstrut bomullstøy. Ein kunne hengja vekk sjartelivet og berre ha livet eller selane stakken var sydd til. Rundt livet hadde ein då eit band, kalla monseband, det var gjerne eit lærbelte. Då hadde ein ikkje forkle, det vart heller teke på når ein skulle vera finare eller gå bort.



Biletet viser festdrakta i Nes omlag 1880.

### Kvinnebunad frå Nes, Gol og Hemsedal.

Nes, Gol og Hemsedal utgjere drakteining, og er såleis omtala under eitt. Det som her vert nemnt, er frå tida etter 1800 og utover, utan at dei einkilde plagga er tidfesta nærare.

**Stakken** var rynka og som oftast av "grannty" (toskaftvove ulltøy som er spunne og vove slik at det blir stivare i renningsretning enn i innslagsretning). Sume hadde stakk av ulldamask (kjøpetøy). Uansett tøyslag var fargen svart eller svært mørk blå. Stakken vart halden oppe av eit kort liv.

I Gol og Hemsedal hadde stakken alltid eit band etter nedkanten. Det kunne vera



Gamal festdrakt frå Nes slik ho er teke vare på til i dag.



smetta-band (kelim-vove), saumaband (rosesauma av ullgarn) eller strameiband (sauma blomstrut eller geometrisk mønster på stramei). Frå Nes kjenner vi liknande smetta-band og saumaband, men her kunne også borda vera sauma på sjølve stakken (som i Flå), og det finst knipla stakkeband (også som i Flå).

**Livet** var laga av ymse slags tøy. Materiala var helst ull eller silke, stundom også bomull. Teknikken kunne vera damask, brokade, fløyel eller musselin o. l. Livet kunne og vera av einsleta ulltøy med rosasaum i fleirfarga ullgarn. Dei liva vi kjenner frå Nes, er noko større og går saman under armene med ein liten sidesaum.

*Gamle draktborder frå Nes, sydd på frihand rett på stakken.*



*Gamle festdrakter frå Gol og Hemsedal.*




*Gamle stakkeband og forkleband frå Gol og Hemsedal.*



*Biletet viser to gamle forkle frå Nes. Forklea er mest likeins idag. I Gol og Hemsedal skal det rutute forkleet også ha saumaband etter nedkant.*

**Trøya, korttrøya** var stutt med tronge, isydde ermar og heil rygg. Ho hadde rette kantar, var av svart eller blåsvart vadsmål eller klede, stundom også av fløyel. Ho var kanta med mønstrute fløyelsband, silkeband med brosjert mønster eller saumaband. Vi kjenner også til mørkegrønne vadsmålstrøyer, alle kanta med raudbotta saumaband. Trøya hadde to spenne og vart halden saman av eit trøyelekkje eller eitt eller to silkeband.




Bringeklutar og luer frå Nes.


Bringeklutar frå Gol og Hemsedal.

**Bringekluten, brøstkluten**, som sat i bringeopninga, var prydd på ymist vis. Det vanlegaste var kørsteinstrænad på raudt tøy. (Kørsteinar er små, runde glasperler.) Det kunne også vera sauma med kørsteinar og større perler på oftast raudt tøy, sauma med kørsteinar og ullgarn på stramei eller rosesauma på svart tøy. Bringekluten hørde alltid med til trøya.

**Forkle, fyrikle.** Dei eldste var av heimevove ulltøy, svarte einsfarga eller rutute, vevteknikken likna "grannty". Forklea var pynta etter linning og nedkant med smettaband, saumaband eller strameiband. I Nes har ein raudt kanteband etter nedkant. Ein kan merke seg at på same forkleet var det ofte ulike band. Langs sidene var forkleet kanta med smale ullband. Dei rutute forklea har mørk blå



Hals og ermekragar i "fargasaum".



botn med smale striper båvegar (ruteverknad) i kvitt, lys blått og raudt. Dei rutute forklea vi kjenner frå Nes, har liknande striper, men utan raudt (som i Flå).

Då det rosute forkleet i ullmusselin kom i handelen, vart nok dette det gjævaste. Det vart ei tid knytt utanpå det rutute forkleet og hadde då ikkje forkleband, berre ei tvinasnor til knyting.

**Skjorte, åvadeld** var av linlerret, seinare bomullslerret. Bolen var rett med rette og glatt isydde ermar, ermespjeld og akselbøter. Hals og ermekragar hadde gjerne kvitsaum eller farga ullgarnsaum (fargakra). Med trøye utanpå brukte mange berre ei uvand skjorte og ei finare halvskjorte.

**Handringar, fyrierma**, vart oftast sydde i stramei med mønster og ofte initialer. Til sauminga nytta ein ullgarn og kørstein. Handringane kunne og vera strikka, då med kørstein tredd inn på tråden. Ein har og funne hekla handringar. I Nes har ein ikkje funne handringar.

Rosavotter - nedst lovevotter med nappakant. Handringar, dei tre øvste er strikka, resten er i stramei.



**Hovudbunaden** var ei silkeluve eller saumaluve (rosesauma på ulltøy) med plagg (oftast av silke) knytt om framhovudet. Raubotta eller blåbotta silketørkle med ikatinnfarga border langs kantane vart lenge brukte, men elles har desse silketørklea variert mykje.

Plagget vart bretta til ein passe brei rull og lagt stramt to gonger rundt luva slik at berre luvebotnen synte. Det vart knytt oppå hovudet og snippene vart lagde fint til kvar si side.

**Sylkjihalsklut.** Kringom halsen hadde dei eit silkeplagg av liknande slag som rundt hovudet. Dei bretta tørkleet saman omtrent som det rundt hovudet, la det laust rundt halsen to gonger og knytte det slik at knuten var gøymd og endane hang fritt ned bak eller på sida.

**Ullsjalet, skautet,** kunne vera heimevove eller kjøpt. Kjøpesjala hadde anten trykt svart, stilisert blomemønster på raud botn eller vove rutemønster.

**Køyrekjol** (Gol, Hemsedal), **kavai** (Nes). Det var ei sid, skredarsydd ullkåpe av svart eller mørkeblå vadmål eller klede. Kjolen var pryda med til dømes fløyelskantar, knappar og sølvspenne.



Køyrekjol eller kavai.



Festbunader frå Hemsedal og Gol.

**Bunadene av i dag** er meir uniformerte og standardiserte enn dei gamle folkedraktene. Dette kan skuldast fleire ting, det er vanskeleg å få fatt i høveleg materiale, det er tidkrevjande å utarbeide mønster og det er dyrt å føra mange ulike kvalitetar.

**Stakken.** I Gol og Hemsedal er stakken av svart, toskaftvove ulltøy eller damask. Han har saumaband av svart klede, kanta med raude ullband. Sauma bladkant kan og nyttast. I Nes er også stakken av svart, toskaftvove ullstoff, men med bord i rosasaum på sjølve stakken. Stakkelengda er omlag 12 - 20 cm frå golvet.

**Livef** er av svart klede, kanta med raude ullband. Det er sauma med fleirfarga ullgarn.

**Forkleet** er av ullmusselin med store eller små roser. Ein kan i dag få kjøpt forkle med svart eller kvit botnfarge. Ein kan og bruka vove, rutut ullforkle slik som før (sjå side 14).

**Skjorta, åvadelde** er av kvitt bomullstaut med krage og ermelinningar i kvitsaum. Det kan og nyttast fargasaum. Bolen er rett med rett isydde ermar og spjeld under. Skjorta har innfelte stykke over akslene og rynking ved hals- og ermelinningar.



Festbunader frå Nes.



I dag vert det bruka to ulike mønster på festbunaden i Nes. Bunaden til venstre er laga av Hallingdal Husflid L/L etter gamle mønster. Bunaden til høgre har Ole O. Sagabråten utarbeidd etter ei gamal folkedrakt som er å finna på Hallingdal Folkemuseum.



Gol 1



Gol 2




Hemsedal

**Luva** er av svart klede med rosasaum både på luvebotnen og framstykket (brøtet). Luva er kanta med raude ullband og har raude silkeband/"sykjibolu" til knyting på venstre side. Det er meir saum på brøtet no enn før, då dekte dei dette med eit silketørkle. Luva har også vorte noko større.

**Sylvstas.** Til bunaden brukar ein no to sølvspenne med lekkje. Øvst har skjorta/åvadelde ei lita sølje eller kryssnål (sprette, bringering) og nedst ei stor sølje med ringar eller skåler. Mansjettknappar i sølv høyrer og til. Sølvvet kan vera forgylt, blankt eller oksydert.



Stakkeband frå Gol og Hemsedal. Biletet viser frå venstre Gol 2, Gol 1 og Hemsedal. Mønstera frå Gol vert og brukte i Hemsedal.




*Kvitsaum-  
broderi.  
Dei to  
nedste  
mønster  
er til  
manns-  
skjorta  
og kan  
brukast  
både til  
den  
kvite og  
svarte  
mannsbunaden.*



*Sylvastas*

**Sjal/skaut.** I kaldt ver brukar ein gjerne eit ullsjal. Forutan gamle sjal som framleis er i bruk, kan ein i dag få handvovne, rutute ullsjal med svart eller raud botnfarge. Sjalet kan leggjast dobbelt eller i trekant.

**Trøye med bringeklut, sylkjhalsklut og handringar** har vore heilt ute av bruk i dei siste 30 - 40 åra. Det har lenge vore ynskje om at dette også kunne høyre til bunaden i vår tid, og det vert no utarbeidd trøyemønster etter gamle modellar.



**Gamle sølvarbeid frå Nes.** Dette biletet syner eit lite utval av sølvsmed Morten Espeset (1849-1936) sine sølvarbeid. Han hadde sølvsmie i Espeset i Rukkedalen.

Her er skålsøljer, ringsøljer og nedst til venstre har vi ein byggkornring. I Nes går denne under navnet hødning eller hængelring. Øvst til høgre har vi tre krageringar, under dei er det to par mansjettknappar. Og under dei att nokre bunadsknappar til mannsbunaden. Nedst til høgre er det ein pengepung som han og har laga. Ved sida av denne har vi ein bundingskrok. Denne brukte dei ofte før når dei strikka, til å henge garnnyste sitt i.

"Sølvsmed-Morten" stempla ikkje alltid arbeida sine, men ein del er stempla ME. Nokre av dei eldste er stempla MLE.

## Helgestakk frå Nes.

Gamle folk hugsar helgestakken i bruk til noko etter århundreskiftet. Etter draktregistreringa i Nes i 1980, vart denne draktskikken teke oppatt med bakgrunn i det materialet som då vart funne.



Helgestakk frå Nes.

**Stakken** er rynka og vert halden oppe av eit kort liv. Han er av mørkeblått eller svart ulltøy. Dei fleste stakkane ein fann ved registreringa var av svart, nokre også av svært mørkeblått ulltøy. Gamle folk kan og minnst at grønrindute stakkar vart brukte. Stakken vert halden saman i livet av ei livhjul med nysølv/sølv-spenne. Stakkelengda skal vera 15 - 20 cm frå golvet.

**Band.** Etter nedkant har stakken smettaband eller strameiband. Gamle stakkar kunne og ha heklaband eller kniplaband. Stakkar med smettaband vart rekna for å vera noko finare.

**Livet** er av raud ulldamask, kanta med sølvband og svarte fløyelsband. Elles har ein funne liv av bomull-, ull- og silkedamask, likeins liv i små- og storblomstrut ullmusselin. Alle liva har vore kanta med svart fløyel eller ulike slag band.

**Forkle.** Nokre av dei gamle brukte og forkle til helgestakken. Forkleet kunne anten vera av rutut, heimevove ulltøy, eller av småblomstrut eller anna mønstrut kjøpetøy. Det vart også her nytta livhjul.

**Skjorta** var i småblomstrut eller rutut bomullstøy. Gamle folk hugsar mørke skjorter som dei eldste og mest brukte. Dei lysare skjortene kom seinare, og det er dei som no vert nytta. Skjorta er i buserullfasong med stolpe midt framme. I bringa vert det bruka ein eller to bringeringar.

**Hovudbunaden** var før ei underluve med silkeplagg knytt rundt. Luva kunne vera av ymist tøy, til dømes ullmusselin.



Biletet viser helgestakkband, liv og livhjul frå Nes. Dei to øvste banda, eit smettaband og eit strameiband, er nye. Dei sju nedste er gamle. Dei er både smetta og i stramei. Livet er gammalt og i ulldamask. Det har og hatt sølvband.



## Helgestakk frå Gol.



Helgestakk med omslagsliv, Gol.

For 40 - 50 år sidan var helgestakken mykje brukt til å helge seg med, både heime og borte. Endå lengre attende i tida var denne stakken også det vanlege kvardagsplagget, både ute og inne. Etter å ha vore heilt ute av bruk i eit lengre tidsrom, vart stakken nya oppatt i byrjinga av 1970-åra.

**Stakken** er lagt i småfolder med eit glatt stykke framme og vert boren oppe av eit kort liv. Han er av grønt og svart ulltøy, rindut eller rutut, og vert halden saman av ei livhjul med nysølv/sølvspenne. Stakken skal leggjast til med eit glatt stykke framme og elles med små folder livet rundt. Livhjulet skal sitja godt etter for å halda foldene på plass. Stakkelengda er 20 cm frå golvet.

**Band.** Nedst på stakken vert det brukt nåleband (kelimvove), strameiband eller heklaband, alle med ei slitesnor etter nedkant.

**Livet.** Ein kan velje mellom to slag; eit enkelt, - utforma som livet til festbunaden, og eit meir utbrodert omslagsliv der livet framme er runda heilt inn mot midten. Til omslagslivet høyrer og eitsaumaband som går rundt heile stakken i ovakant. Det enkle livet har i dag rosa-saum på raudt klede og er kanta med grønne ullband. Omslagslivet har rosasaum på svart klede og er kanta med raude ullband.

Frå gammalt varierte liva mykje meir enn no. Dei gamle brukte det dei hadde for hand, eller det dei elles måtte ha råd til. Forutan sauma liv, har ein funne fram til fleire rosute liv av ymse slags tøy.

**Skjorta** er av rutut eller småblomstrut bomullstøy. Ho har buserullfasong med stolpe midt framme, smal halslinning og breie ermelinningar med skilpaddeknappar. På innsida av kragen og ermelingane er det festa ein kvit heklablunde, omlag ein cm brei. I bringa kan ein bruka ei eller to kryssnåler.

**Hovudbunaden** er ei underluve med bomullsplagg lagt over og knytt i nakken.



Helgestakk med enkelt liv,  
Gol.

## Sidliva stakk frå Hemsedal



Sidliva stakk med trøye etter Barbo Halbjørhus (1870-1961).

Helgestakken i Hemsedal skil seg ut frå draktområdet elles med di han har sidt liv og ei trøye som ser ut til å vera sterkt påverka av bymoten. Kvifor det er såleis, veit ein ingenting om, heller ikkje har ein kjelder som viser kor gamal denne kvinnedrakta kan vera. Sidliva-stakken hadde eit vidt bruksområde. Han gjekk gradene frå helge- og gåbortplagg, til å bli "skarvestakken" til bruk i arbeidet inne og ute.

Å bera sidliva stakk gjekk etter kvart av mote. Dei siste som nytta han, og nytta han dagstøtt, gjekk bort i 1940-50 åra. Etter å ha vore heilt ute av bruk i omlag ein mannsalder, vart det i 1981 utarbeidd mønster til stakk og trøye etter gammalt kjeldemateriale.

**Stakken** har eit glatt stykke framme, tre til fire folder i kvar side og eit tett rynkestykke med motfold bak. Lengda er omlag 12 - 15 cm frå golvet. Frå gammalt var stakk og liv oftast i blått ulltøy, men svart, brunt og grønt veit ein og vart nytta, dessutan rutut og rindut i ymse variasjonar. Ein har og eldre stakkar der liv og stakk er ulike i farge og mønster. Livhjulet med spenne høyrer til.



Ny sidliva stakk, helgestakk frå Hemsedal.

i kryss over snippen i nakken og deretter knytt oppå framhovudet med ein enkel knute og ei lykkje framover.

**Over akslene** brukte dei gamle eit rutut, blomstrut eller kvitt kjøpeplagg. Det vart lagt i kryss over bringa og festa innom selane på livet.

Gamle stakkeband til helgestakk frå Gol og Hemsedal.

**Band.** Nedst på stakken vert det brukt heklaband, strameiband eller smettaband, alle med snorer eller smale ullband etter nedkant.

**Livet** sit godt etter, ryggen er smal og ringinga framme djup.

**Trøya** har innsnitt i livet og isette ermar med mykje rynking på akslene. Ermane skrår inn nedover, og i staden for mansjettar har dei breie fløyelskantar. Trøya har og eit bringestykke av fløyel. Ymse pynteband, kjøpeband eller hekla, høyrer til. Dei gamle brukte gjerne ei halvskjorte med heklakrage under trøya. I dag set ein heklaborda direkte på ståkragen.

Før i tida skilde ein mellom vetretrøye og sumartrøye. Alle var rutute, men vetretrøya var av heimevove ull, sumartrøya var av bomull og gjerne lysare i fargen. Alle trøyene hadde knappar.

**Hovudbunaden** er ei underluve med plagg knytt over. Underluva er av bomullstøy og usauma. Frå gammalt kunne hovudplagget vera raudrutut kjøpeplagg av ull eller hekla av ullgarn, eit såkalla limpeplagg. Ved knyting vert hovudplagget fyrst måta til i ein passe stor trekant. Det vert så lagt til på luvebrøtet,



## Mannsbunader



I det store og heile har det vorte nytta same slags mannsklede i heile Hallingdal. Grunnane til dette er vel at mennene farta meir og at staskleda deira vanlegvis har vore skreddarsydde. Den eldste trøya ein kjenner til, vart laga av kvitt vadsmål. Bygdehistorikaren Hans Flaten skreiv i 1914 at: "naar det 18. århundredet gik op saa det mænd gaa i sidtrøye og knæbrok. Sidtrøyen var graa eller ofte drivhvit." Rundt 1820 teikna Johannes Flintoe både hallingar og valdresar i slike drakter.

Etter 1850 kom korttrøye-kleda. Både trøya og vesten var svært stutte og langbroka var høg med klaff, såkalla lemmebrok. Den mest brukte bunaden av i dag er eit framhald av desse. Trøya og vesten har vorte sidare, og broka går no berre opp i livet, men nemninga korttrøye-klede blir framleis brukt.



*Mannsbunad med kvit trøye er den eldste av mannsbunadene.*

### Mannsbunad med kvit trøye.

**Trøya** er av kvitt vadmål eller klede. Ho er utan knappar og kanta med grønt ulltøy langs opninga framme, ermene har svarte fløyelskragar med raude kantar. Trøya har oppstående krage, skulderbryningar og tre kilar i ryggen. Det er ullgarnsaum på kragen, skulderbryningane og framstykket.

**Vesten** er av raudt ulltøy, oftast klede, og kanta med svart fløyel. Han har ståkrage og nedbretta slag. Vesten har tre rader med sølvknappar og to rader med knapphol og sølvknappar på kvar lommeklaff.

**Knebroka** er ei lemmebrok av svart vadmål eller klede. Broka har store ullgarnbroderi og sølvknappar og spenne i splitten ved knea.

### Mannsbunad med svart trøye, - korttrøyeklede.

**Trøya** er av svart ulltøy, tidlegare vadmål, idag oftast klede. Ho har nedbretta krage og slag, kragen er av svart fløyel. Trøya har to rader med sølvknappar, men ikkje knapphol. Fremst på ermene er det sølvknappar og svarte pynteband.

**Vesten** har framstykke av same tøy som trøye og brok, ryggen er gjerne av svart silketøy eller anna svart, tunt tøy. Vesten har nedbretta krage og slag og er dobbeltknept, gjerne med mindre knappar enn i trøya.

**Broka** er av svart vadmål eller klede. I dag vert det nytta både knebrok og langbrok. Knebroka har sølvknappar i splitten ved knea.





### Mannsbunad med lang trøye - "fiskekjølki".

Denne bunaden vart særleg brukt i nedre dalen (Flå og Nes), men ein kjenner han også frå dei øvre bygdene.



Mannsbunad frå Flå sydd etter gamal modell.



**Trøya** er av svart vadsmål eller klede, har ståkrage og er kanta med svart fløyel. Langs opninga er ei rad med sølvknappar på kvar side, men ikkje knapphol. Ermane er tronge, og har påsydde skutar/ermebryningar ved akslene. Tre saumar øvst i ryggen går ned i tre isydde kilar nedst i ryggen. Trøya er sid bak og vert kalla langtrøye eller "fiskekjølki".

**Vesten** er av same tøy som trøya eller anna ulltøy. Han kunne og vera sydd av silkebrokade, då helst til bryllaup. Vesten har to eller tre rader med sølvknappar og knapphol. Han har ståkrage og nedbretta slag med knapp og knapphol.

**Broka** er ei lemmebrok, lang eller til knea. Ho er sydd av same slag tøy som trøya.



Frå venstre: fingra hoseband, brokeselar sydd i korssting og korssting og perler.

### Til mannsbunadene høyrer også:

**Skjorte** av linlerret, no mest bruka bomullslerret. Halskragen, stundom også ermekragane, er utsauma på ymse måtar, ofte med kvitsaum. Ein kan og nytte halvskjorte med sauma krage.

**Sylkjhalsklut**, eit silketørkle bretta saman i ein høveleg brei rull, lagt rundt halskragen og knytt med dobbel knute framme. Endane legg ein til kvar si side og festar under brokeselane. I dag brukar mange ferdigmonterte halsklutar.

**Handringar/fyrierma**, frå gamalt nytta til korttrøya. Desse er likeins som dei kvinnene brukte. (Sjå side 15)

**Sokkar/hosu**. Attåt kvit trøye og knebrok brukar ein kvite, gjerne mønsterstrikk ullstrømper. Til svart trøye og knebrok brukar ein anten kvite strømper eller svarte og kvite tvibandsokkar. Attåt langbrok brukar ein helst svarte strømper.

**Sokkeband/hoseband**. Desse er fingra av ullgarn i ymse fargar.


**Brokeselar**. Frå gamalt kunne desse anten vera av lær eller ofte sauma på stramei med garn og kørasteinar. Dei sistnemnde var stundom laga som festegåve.

**Hovudbunad** attåt kvit trøye og fiskekjølki er ei kolleluve, ei rund, lita luve sydd saman av åtte like store stykke raudt ulltøy. Luva er kanta nedst og langs alle saumar med svart fløyel. Attåt korttrøyekleda har folk nytta hatt eller luve, alt etter vèr, motar og kva som var i handelen.

Dessutan kan ein bruke:

**Klokke** i vestelomma og klokkelekkje festa til eit knapphol i vesten. Klokkekjedet kunne vera så langt at det gjekk rundt halsen. (Sølvtrøse).

**Slirekniv**, festa til broka med ein særskild knapp.



#### Tilvisningar:

Folkedraktregistreringane i Flå 1985,  
Nes 1980, Gol 1975 og Hemsedal 1981.

Hans Flaten: Hemsedal 1814 - 1914

Aagot Noss: Folkedraktene i Buskerud. Særtrykk.

Aagot Noss: Adolph Tidemand og folk han møtte.

Aagot Noss: Johannes Flintoes draktakvarellar.

**Mønster og materiale til bunadene kan ein få hjå:**

Hallingdal Husflid L/L, Gol

Karen Hølto, Hemsedal

Ole Sagabråten, Nes

## Bruk av bunad

Folkedrakta hadde stor valrikdom, men hovuddraga var eins og strenge for kvar bygd og for kvar draktdel. Ønsket er framleis å ha variasjon, men ikkje samanblanding.

Alle som har bunad, må bruke han rett. Såleis er vi med på å ta vare på og bera vidare ein del av kulturarven vår.

Den som brukar bunad, syner band til den staden bunaden er frå. Tenk difor godt over kva for ein bunad du vel.

Vel det rette materialet i kvalitet og farge.

Sjå til at saumen er fint utført. Like eins at montering, snitt og saum av bunaddelene er rett og godt utførte. Dette er særleg viktig å hugsa på ved dei delane som krev spesialsaum.

### Bruk bunadsko.

I dag brukar ein tette, svarte strømper for kvinner og kvite med mønsterstrikk eller tvibandsokkar for menn.

Stakken fell finare når ein brukar sid understakk av solid tøy.

Bruk det sølvet som høyrer Hallingdal til, ikkje sølv som er spesial-laga til ein annan bunad i eit anna distrikt. Armband og øyredobbar høyrer ikkje heime i folkedraktsamanheng.

Handveske verkar ikkje godt på heilskapen. Nytt det som høyrer bunaden til, eller lag ei lomme i stakken.

Som utanpåplagg er eit sjal godt å bruka.

Sjå til at det er samsvar og heilskap over heile påklednaden, då fyrst vil du ha full glede av bunaden din. Hugs at hovudbunad alltid høyrer til.

Øydelegg ikkje bunadtradisjonen ved å blanda saman bruk av fest- og helgeklede. Festbunaden er eit stasplagg og høyrer til ved høgtid og store festsamkomer. Helgestakk brukar ein ved mindre høgtidelege samkomer av ymse slag.

## Stell av bunad

Etter bruk må støv, skitt og søle vekk så fort råd er, likeins flekker av ymse slag. Matflekker til dømes, vert lett tilhald for møll. Bruk ein flekktabell.

Heng bunaden ut i frisk luft. Røyklukt går lettare ut i varm enn i kald luft.

Draktdelar som kan vaskast, skjorte, forkle og silketørkle, vaskar ein som finvask for hand. Bomullskjorter kan med fordel vaskast i godt varmt vatn. Varm gjerne opp vatnet med skjorta i, det gjer at ho vert kvitare. Ver merksam på at linskjorter ikkje tåler temperatur over 60°, heller ikkje klor.

Draktdelar som ikkje kan vaskast, må frå tid til annan reinsast. Bruk eit autorisert renseri. Gamle plagg som gjerne også er slitte og skjøre, må handsamast meir varsamt. Her må ein i kvart høve søkja råd og rettleiing hjå fagfolk.

Legg eller heng bort draktdelane som det best høver for dei ymse plagg. Stakken til dømes heng ein, på grunn av tyngda, opp etter hemper i lista (under armane). Liv og trøyer må hengjast på gode klëshengjarar for å halde rett form. Silketørkle kan rullast på ein pappull og pakkast inn i syrefritt silkepapir.





Biletet viser born i festbunad og helge-stakk. Forutan dei to gutebunadene ser vi frå venstre i fremste rekkja helgestakk frå Gol, festbunad frå Hemsedal og helgestakk frå Nes. Bakerst festbunad frå Flå og festbunad slik han vert nytta både i Nes, Gol og Hemsedal.



Helgestakkar frå Nes, Gol og Hemsedal, t.v. kniplestakk frå Flå.

Hallingdal 1987  
Fotograf: Marit Skredegård, Gol  
Utgjevar: Bunadbrosjyrenemnda for  
Flå, Nes, Gol og Hemsedal.  
Grafisk utforming/sats: Truls Sigv. Sævre, Flå  
Trykk: Tangen Trykk A/S - grafisk senter, Drammen

Brosjyra kan ein få kjøpt hjå Hallingdal Husflid L/L, 3550 Gol.

A handbag rather spoils the effect, use the purses which belongs or make a pocket in the skirt.

For extra warmth use a shawl.

Always be particular about the correctness and overall impression and remember that each costume has either a bonnet or a scarf, which should be used. Try not to break the traditional use of costumes, remember the week-end costumes should be used at arrangements of lesser importance, whilst the festival costume is to be used at grander occasions.

#### TAKING CARE OF YOUR COSTUME:

After use, dust and dirt should be removed as soon as possible. Spots, especially food spots, will attract moth, use a cleaning guide. Air well after use. The smell of cigarette smoke goes away quicker in warm air than cold.

The blouse, scarf and apron can be hand washed carefully.

One can use good hot water for cotton blouses, and when the water is warmed with the blouse in it, the blouse will come out whiter. But remember that with linen blouses the temperature should not exceed 60 degree Celsius, and one must NOT use bleach. The pieces which are not washable can be sent to a authorized dry cleaner.

Old costumes can be worn and delicate, and should be treated with care, here one should always seek advice from specialist.

The jacket and blouse should be hung on good hangers, to keep their shape.

The skirt should be hung from loops under the arms because of the weight.

Silk scarfs should be rolled on paper and be packed away in non-acidic paper.

- - -

#### F O R W O R D

The National costume has a very rich tradition in the villages of Hallingdal.

Work with registering the various costumees during the last years has revealed an enormous variety in decoration, sewing methods and choice of colour.

The modern costume is buildt on the old traditions.

#### WOMENS COSTUME FROM FLÅ

The skirt (p. 5, 6 and 10) is made of black or dark blue woolen cloth.

The embroidered pattern is in wool and sewn directly on to the skirt, which is attached to a short bodice or shoulder straps and goes right up under the bust.

An alternative decoration round the bottom of the skirt is a woolen lace border.

The bodice (p. 6) is short with a round opening at the front. The bottom of the bodice is stiffened and stands out at the back. Wool brocade or silk damask can be used in various colours for the bodice. A band of silver lace is sewn on at the front opening and around the bottom of the bodice. The Bolero jacket (p. 6 and 10) is made of dark blue felt or cloth and has the same cut as the bodice with long thigt fitting arms. It is decorated with embroidered borders or ribbons made of silk or velvet.

THE APRON (p. 5) is of wool muslin with a flower pattern.

THE BLOUSE (p. 7 and 10) is of white linen or cotton with embroidery in white or coloured cotton thread.

THE BONNET (p. 8) is the same cloth as the skirt with wool embroidery and silk ribbons. It shall be used with the dress.

THE PURSE (p. 7) is also made with the skirt material with wool embroidery and has a brass or silver catch based on the old models.

THE JEWELRY (p. 8) is of silver, consisting of 3 broaches.

THE PEARL EMBROIDERED PIECE (p. 6) is used on the chest.

THE SILK SCARF is tied at the throat.

The folk costume varies also according to use, the finest being kept for church, so the week-end costume, and then the one used for week-days and work.

FLÅ does not appear to have had a Week-end costume.

#### WOMENS COSTUME FROM NES, GOL AND HEMSEDAL (p. 11)

The old costume for special occasions (p. 11 and 12).

THE SKIRT was sewn from black or dark blue woolen cloth.

In Gol and Hemsedal it had an embroidered band round the hem line (p. 13 and 17), where as in Nesbyen they embroidered directly onto

the skirt (p. 11 and 12).

THE BODICE. The skirt was held up with a short bodice of either damask, brocade or woolen cloth, the latter with wool embroidery.

THE JACKET was short, made from black strong wool felt, woolen cloth or velvet.

THE APRON (p. 13) was home spun wool cloth, or wool muslin with a flower pattern.

THE BREST PICE (p. 14) was either glass bead embroidery, or rose pattern embroidery with woolen thread.

THE BONNET (p. 9, 11 and 12) is woolen cloth with the rose pattern embroidery. A large silk scarf was tied up round the bonnet.

THE BLOUSE (p. 15) was made from linnen or a light cotton canvas with collar and cuffs embroidered in white or coloured cotton thread. A loose cuff, of either "Strameie" (embroidered tapestry) or knitted, was often used.

THE TOP COAT (p. 16) could be a red checked or flowery patterned shawl, or a tailor-made cape (driving coat).

PAGES 17, 18 and 19. The modern costume is more standardised than previously. The skirt is in black woolen cloth or damask with a short, rose pattern embroidered bodice.

GOL AND HEMSEDAL have an embroidered band around the bottom of the skirt (p. 17 and 19), whereas the embroidery is sewn directly onto the skirt hem in Nesbyen (p. 18).

THE APRON can be flowery patterned wool muslin or checked woolen cloth.

THE BLOUSE (p. 20 and 21) is a light cotton canvas with embroidered collar and cuffs in white or coloured cotton thread.

THE JEWELRY can be gold plated, polished or oxidised.

#### WEEK-END COSTUME

In Nesbyen, Gol and Hemsedal one uses a different costume for Gatherings of lesser importance. In olden days they used this one for everyday use as well.

All the skirts are sewn from woolen cloth, and have a crocheted band, taperstry band, or woven band around the hem.

The skirt from Nesbyen (p. 23 and 24) has a short bodice of red wool damask.

The skirt from Gol (p. 25 and 26) also has a short bodice of black or red cloth covered with the rose patterned embroidery.

The skirt from Hemsedal (p. 27 and 28) has a long bodice to the waist. A cotton blouse with a checked or small flowered pattern is used with all the costumes. A scarf is tied round the head (various patterns). A leather belt with a silver plated or silver buckle is used with all 3 costumes.

#### MENS COSTUMES (p. 29 and 35)

The most common mens costume has a short jacket of black woolen cloth or felt, with a black velvet collar, two rows of silver buttons. The waistcoat is double breasted with silver buttons. The trousers are of the same cloth, they can be long, or knee length with silver buttons at the knee.

The mens costume (p. 32) is from Flå. It has a jacket and knee trousers in black woolen cloth. The waistcoat can be black woolen cloth or silk brocade, with a hat in red woolen cloth.

The jacket (called FISKEKJØLKJI) is short at the front and long at the back (p. 33). It has velvet edging along the front.

There are silver buttons on the trousers, waistcoat and jacket.

There are 3 mens costumes in this district. The oldest (p. 30) is from the beginning of the 19th century. It has a long white jacket, red waistcoat, and black knee trousers.

#### USE OF THE COSTUME:

Although there were strict rules for each piece of the costume in every village, there was room for variations.

One would still prefer variations but not mixing.

Everyone who has the costume must use it correctly. In this way we can help to conserve and follow through the heritage.

The wearer of the costume shows attachment to a particular area. Therefore one should choose carefully which costume one wears.

Choose carefully the correct materials and colours.

Be critical and assure yourself that the costume is sewn and mounted and well cut, and the embroidery is of good quality, specially the pieces that require specific embroidery.

Use the correct shoes, there are special shoes for the national costume.

These days women use thick black stockings. Men wear knitted knee socks either white with cable pattern or black and white patterned.

The skirt hangs best with the use of a thick underskirt.

Use the jewelry which belongs to Hallingdal, and not jewelry which is made for another region. Bracelets and earrings do not belong to the National costume.